

# ALT FOR NORGE

ORGAN FOR DEN NASJONALE FRONT

Nr. 20

November

1944

## ÅPENT BREV FRA SAMUEL TITLESTAD:

*Til*

*Norges forsvarssjef H. K. H. Kronprins Olav.*

Høgvyrde forsvarssjef!

Alle her heime vart mykje glad då meldinga kom um at De, Dykkar Kongelege Høgheit Kronprins Olav, vart sett til sjef for Noregs forsvar. I dette budskapet meinte vi å få eit prov på at vårt forsvar skulle lyftast ut av tilfeldige politiske konjunkturar, slik at forsvaret berre tente eit mål: *saman med våre allierte å gjera upp med den tyske okkupasjonsmakta og dei landsforræderiske quislingane og trygge folket vårt eit fritt og sjølvstendig Noreg.*

Som kjend har dei underjordiske militærsamskipnadene i landet vårt litt etter kvart kome fram til ei militær leiding som stort sett grip um *alle* heimestyrkane våre. Den militære leidinga er og godkjend av Forsvarets yverkommando i London, som De, Dykkar Kongelege Høgheit, no er sjef for. Når eg diverre ser meg tvungen til å skriva dette opne brevet, er det avdi den *militære leidinga* for heimestyrkane i lengre tid har ført ein politikk innanfor militærsamskipnaden, der det ved sida av mange landsgagnlege tiltak og har kome for dagen tiltak som ein ikkje kan segja er i samsvar med landet og folket sine interesser. Difor vil eg i få ord leggja fram det som eg vil be Dykk, høgvyrde forsvarssjef, um å retta på.

I august 1942 vart det gjort ei munnleg avtale millom målsmenn for dei militærgruppene som var skipa av medlemmer frå dei to arbeidarpartia, Det norske arbeiderparti og Norges kommunistiske parti, og målsmenn for den militære leidinga for dei militære gruppene som populært vart kalla Kongshirden. Den sist nemnde samskipnaden stod under leiding av Forsvarets yverkommando. Under tingingane gjorde målsmennene for yverkommandoen framlegg um å sameine militærgruppene, alle heimestyrkane under den militære leidinga som var godkjend av Forsvarets yverkommando i London. Målsmennene for dei militærgruppene som var skipa av medlemmer frå dei to arbeiderpartia sa seg samde i dette på vilkår av at alle militærgruppene skulle vera jamstelde med umsyn til båda *rettar* og *plikter*. Målsmennene frå yverkommandoen sa seg samde i dette, slik at ein i arbeidet frammyver berre skulle ta umsyn til saklege kvalifikasjoner hos dei einskilde medlemene i gruppene og hos deira tillitsmenn. Dette skulle gjelda frå nedst til øvst i samskipnaden. På dette grunnlaget fortsette arbeidet ei tid utan

større friksjonar. Ein må og gjera kjent at etter dei oppgåvone som kom fram under tingingane, hadde medlemene av dei to arbeiderpartia skipa langt fleire militærgrupper og hadde fleire medlemmer enn Kongshirden. Trass i dette tok det serleg um hausten 1943 og vinteren 1944 til gå ut løynde instruksjonar frå den militære leidinga for heimestyrkane til sers litande tillitsmenn innanfor samskipnaden um at dei aktivt innstilte arbeidarane som var med i militærgruppene, og fyrst og fremst kommunistane, skulle reinskast ut av militærsamskipnaden. I mange høve vart det opent uttala at det var kome direktiv um å fjerna kommunistane frå heimestyrkane, og så snart tyskarane var ute av landet, skulle våpna vendast mot kommunistane og dei som hadde samhug med dei.

Alle var sjølv sagt klår yver at dette var ein mykje fårleg og skadeleg politikk for landet vårt, og at dei einaste som kunne ha nytte av han, var den tyske okkupasjonsmakta, Gestapo og landssvikarane. Den nasjonale innstillinga hos medlemene i militærgruppene våre og hos dei medlemene i dei to arbeiderpartia som har arbeidd med å skipa gruppene, kom klårt fram i det brevet som Arbeidernes militærkomité sendte til den norske regjeringa i august 1942, der det millom anna heiter:

«Å organisere dette folk, bu det på krigens kår og skaffe det de nødvendige våpen — det er idag den første og viktigste oppgave i Norges fridoms-krig. *Overfor denne oppgaven må alle hensyn vike.*»

Denne nasjonale innstillinga har sikkert ikkje minka i den tida som har gått etter august 1942. Tvert um! Aldri har *viljen* til å gjera ein nasjonal innsats i krigen for landet vore sterkare enn idag. Eg veit difor at eg har dei store massene av einskilde medlemmer og grupper i den underjordiske militærsamskipnaden attom meg når eg bed Dykk, høgvyrde forsvarssjef:

1. å syta for at avtala av hausten 1942 vert respektert og umsett i praksis.
2. at det vert sett ein stoppar for all forfylgjing av arbeidarane i heimefrontstyrkane, og at kommunistane vert tekne umsyn til som jamstelde landsmenn.
3. at alle befalingsmenn ser oppgåva si i å fremja ein god kameratskap innanfor heimestyrkane våre med det målet å gjera dei så stridføre som råd er til den komande store krigsinnsatsen.

Ja, dette var det eg ville be um å få retta på. Sjølv høyrde eg til 9. regiment og deltok i stridene den 9. april og framyver i eit av maskingeværlaga. Etter at stridene i Noreg var slutt, har eg hatt gleda av å kunna vera med i arbeidet med å skipa heimestyrkane. Mange av kameratane mine er under dette arbeidet tekne av Gestapo, og sume av dei er avretta. Men vi som vart att, var allfid samde um å arbeida vidare trass i alle vanskar. Vi har og hatt hugnad av å sjå visse resultat av arbeidet vårt i desse åra, jamvel um vi mange gonger var mykje misnøgde med den passive politikken som regjeringa vår har ført. Um det kan ha nokon interesse, kan eg fortelja at før krigen var eg med i det politiske arbeidet i landet vårt. Eg var medlem av Det norske arbeiderparti. Eg kan og segja frå um at dette brevet er utarbeidd i samråd med andre av dei som arbeider med heimestyrkane. Av konspirative grunnar vart vi samde um at berre eg skulle skriva under brevet.

Noreg, den 25. oktober 1944.

Med vyrdsam helsing

*Samuel Titlestad.*

# VÅR KONGE OG VÅR STATSMINISTER HILSER OKTOBERREVOLUSJONEN.

*Hilsen fra H. M. Kongen til President Kalinin.*

Det er Meg en glede i dag å sende Mine hjerteligste hilsner til Deres Eksellense, Sovjet-Samveldets regjering og Deres vepnede styrker som kjemper også for Norges frigjøring. Jeg ser i denne felles kamp det beste grunnlag for et forsatt hjertelig forhold mellom våre folk.

Haakon R.

*Hilsen til Marskalk Stalin fra Statsminister Nygaardsvold.*

I anledning av årsdagen for revolusjonen sender jeg Deres Eksellense, Sovjet-Samveldets regjering og dets folk mine beste hilsner. I første rekke hilser det norske folk de tapre styrker som under marskalk Meretzkovs ledelse, har jaget de tyske barbarer ut av det nordligste Norge. Den norske regjering gleder seg over det tillitsfulle samarbeid mellom våre to land, og Sovjet-Samveldets innsats for å knekke nazismen vil aldri bli glemt i Norge.

## HVA KAN FRIHETENS OG DEMOKRATIETS FORKJEMPERE I NORGE LÆRE AV DEN TRAGISKE UTVIKLING I FINNLAND?

### III.

I sin oppsiktsvekkende bok «Finlands två ansikten» av mars 1944 skriver finnen *A. R. Tornii*:

«Av Tanners framstilling går det tydelig fram at sovjetregjeringen klart hadde tilkjennegitt sine hensikter. Det virker derfor underlig at Tanner i samme skrift erklærer at de finske underhandlerne ikke hadde «noe inntrykk av at krigen truet». Så dumme var ikke de finske underhandlerne. De forsto nok alvorret bak sovjetregjeringens krav. Også mobiliseringen av den finske arméen beviser at så var tilfellet. Foran krigsutbruddet den 30. november 1939 oppsa sovjetregjeringen som en siste advarsel den finsk-sovjetrussiske ikke-angrepspakt. De finske tropper på Det karelske nes ble beskyldt for provokatoriske handlinger. Da den finske regjering avslo et ultimativt krav om at troppene på Neset skulle trekkes tilbake til to mil fra grensen, begynte krigen. Å snakke

om «et lumsk overfall» i denne sammenheng er ikke på sin plass. Sovjetregjeringen hadde jo i to måneder forsøkt å få i stand en fredelig løsning ved forhandlinger, og den finske regjering var fullt på det rene med at krigsfaren eksisterte. Hvorfor ville da den finske regjering ikke gå med på et fredelig oppgjør?

Vi må her først og fremst imøtegå den påstand «at det patriotiske folk ikke ville vite av noen landavståelser» — en påstand som blir framholdt i hver diskusjon om freden mellom Finland og Sovjetunionen. (Senest er den kommet fram så sent som i februar 1944 av det engelske tidskrift *Spectator*, som frekt påstår at Finlands krig «var ikke en diktatorklikks krig, det var folkets politiske og demokratiske synd»!) Det finske folk ble ikke underrettet om hvor farlig situasjonen var. De fascistiske avisene førte en krigspropaganda un-

der parolen «ikke en tomme finsk jord til russerne». Men flertallet i folket, arbeiderne og bøndene, var absolutt mot krig, og regjeringen visste meget godt at den kunne stole på dette flertall ved et fredelig oppgjør. Men de krefter som hadde sikret seg nøkkelstillingene i forvaltningen og arméen under Svinhuvfuds regjering og fryktet for å bli skjøvet tilside av den nye demokratiske strømmingen i det finske folket, førte målbevisst sitt spill bak ryggen på den vaklende regjeringssjefen Cajander. Disse kretsers regnestykke gikk i følgende retning: dersom det kommer i stand et fredelig oppgjør mellom Sovjetunionen og Finland, vil dette forsterke innflytelsen til de demokratiske kreftene i landet. Disse krefter kan til og med bli så sterke at de hindrer Finland i å gå med i krigen på Tysklands side når Hitler er sterk nok til å begynne sitt angrep mot øst. En liten krig nå vil garantere at de reaksjonære kretser får tilbake sin makt i landet og at Finland sikkert kommer på «den rette siden» i den store krigen.

De senere hendingene bekrefter fullstendig at det var de reaksjonære, sovjetfiendtlige kretsene i landet som sto bak krigen og ikke «det patriotiske folket». Etter krigsutbruddet ble Cajanders relativt demokratiske regjering avsatt, og i stedet kom den storfinansielle klikken under Ryti og Walden til makten. Den sluttet den 13. mars 1940 fred i Moskva på mye tyngre vilkår enn de Stalin hadde tilbudt ved forhandlingene i Moskva høsten 1939, uten at det «patriotiske folket» på noe vis hindret dette fredsoppgjør. Uten å spørre riksdagen slapp denne regjering siden tyske tropper inn i Finland, og den 22. juni 1941 fikk det finske folket gjennom Hitlers tale vite at det på ny var i krig med

Sovjetunionen. Det er typisk for de finske forhold at når det gjelder fred, brukes det demokratiske apparatet for å hindre den, men når det gjelder krig, eksisterer det ikke noe demokratisk apparat overhodet! I Moskva kunne Paasikivi og Tanner ikke gå med på Stalins forslag fordi det trengtes 5/6 flertall i riksdagen for å godkjenne planen, men siden da tyske tropper ble trukket inn i landet, behøvde en ikke spørre riksdagen om deys mening i saken i det hele tatt! Og Hitler kunne meddele at «våpenbroren» Finland sto på Tysklands side i krigen mot Sovjetunionen før enn riksdagen og det finske folket visste noe om saken! Først den 25. juni, tre dager etter Hitlers tale, ble den finske riksdagen underrettet om sakens stilling. Men trass i alt dette er Finland etter «vesteuropeisk» oppfatning et demokrati! Ennå så sent som den 12. februar 1944 meldte Dagens Nyheters særkorrespondent fra Helsinki at fredsoppgjøret var så vanskelig fordi «demokratiets kverner maler så langsomt» som en person i offisiell stilling fromt hadde uttalt seg til korrespondenten.

Det dreier seg her om et grusomt spill som spilles på det finske folkets kostnad. Uten noen kritikk har en godkjent Tanner og de andre sosialdemokratiske lederne som målsmenn for det finske folket. Ikke noe kan være mer feilaktig enn dette. I de siste riksdagsvalgene i juni i 1939 hadde det finske folket tydelig gitt sin vilje tilkjenne. Det sosialdemokratiske parti, som opptrådte under parolen «mot krig og fascisme», hadde vunnet en stor valgseier. Det er ikke folkets feil at de sosialdemokratiske lederne etter valgene forandret dette standpunkt til det stikk motsatte, «for krig og fascisme». Til det hadde de ikke folkets fullmakt.